

AREAL: 246 km²
FOLKETAL: 4825

«SVEIO – MIDT I LEIO»

SVEIO ligg nordvest på Haugalandet. Frå høge fjell aust i kommunen fell terrenget vestover, ned mot eit småkupert landskap i det gamle strandflatenivået, ut mot Bømlafjorden og Sletta.

Kommunen ligg verkeleg midt i hovudleia, når du kjem langs E39 frå Arsvågen – ein fascinerande tur gjennom lyngheilandskapet. Gardane lengst i sør høyrde for 1841 til Skåre skippreide i Karmsund sorenskrivardøme. Reiser du den ytre vegen, Rv. 541, mot Buavåg og Tjernagel, kjem du ut i den opne lyngheia med mange fine utsiktsparti mot Bømlafjorden. Den austlege vegen, langs Ålfjorden – «ein fjord på innsida» – går gjennom gamle bygder med fin byggeskikk. Langs Valestrand er naustmiljøet i Vidhovdavic vel verdt ei vitjing. Ferjestaden Valevåg er ein gammal gjestgjevarstad og skysstasjon. Lengst nord på Tittelsnes ligg eit tysk kystfort frå andre verdskrigen.

Dagens kommunegrensar er frå 1964. Få tilhøve fortel tydelegare om overgangen frå sjøverts til landverts samferdsle enn endringane av kommunegrensene. Trekantsambandet mellom Sveio, Stord og Bømlo med tunnel under Bømlafjorden, forsterkar dette.

I 1837, då det lokale sjølvstyret vart innført, bygde dei nye kommunegrensene i stor grad på prestegjeldsgrensene. Då fanst det ingen sjølvstendig kommune på Tittelsneshalvøya. Så lenge sjøen var hovudvegen, var øyane naturlege midtpunkt. Vikebygd høyrde til Fjelberg kommune, Sveio-krinsen høyrde til Finnås kommune på Bømlo og Valestrand høyrde til Stord.

Før reformasjonen høyrde Valestrand til Fjelberg, men frå 1538 fram til 1870 låg soknet i Stord prestegjeld. □

Kartet viser kommuneinndelinga i den sentrale sunnhordlandsregionen før 1964. Dei diptla linjene viser grensene slik dei var kring 1900.



EI KLØYVD SØLV LILJE PÅ RAUD GRUNN

Våpenet er godkjent i 1982 og er teikna av Kolbjørn Ekkje. Motivet byggjer på våpenet til lågadelsetta Dall, som kring 1600 budde på setegarden Sveio. Mats Jonsson, son av Jon Gautsson til Sveio, var med blant dei norske adelsmennene som sette seglet sitt under hyllingsbrevet til kongen i 1591. Seglet syner eit skjold med ei kløyvd lilje og ei stjerne i kløyvinga. Sidan kommunen har namn etter den gamle setegarden, der bygdesenteret ligg i dag, vart Jon Gautsson sitt våpen lagt til grunn for kommunevåpenet.

Hovudbygningen på den gamle gjestgjevarstaden i Valevåg kring 1900.



☞ SVEIO

Sveio er eit namn som har vorte sett i samanheng med gno. sviða «stad som er rydda ved brenning». Kommunen har fått namn etter den gamle setegarden, der kommunesenteret ligg. Gardsnamnet kan peika mot ein rydningsperiode med avsviing av skog. Her er det interessant å trekkja inn gardsnamna Tveitaskog, Skålaskog, Vandaskog og Nordskog. Desse gardane ligg i ein vid krins kring Sveio. Her kan namnetradisjonen ha fest seg etter restar av ein skog som har stått att etter ein stor brann. Diftongen ei kan truleg forklarast som ein overgang av det eldre lydsambandet ið.

Vidhovdavic tyder «vika ved den vide hovden». Førsteleddet i Valevåg er Valen «grunn stad i sund», i slekt med vada. Gramshaug inneheld gno. gramr «troll, djevel». Fjon har truleg same opphav som det danske øynamnet Fyn, som vert sett til fjon «noko lite og lett», med same grunntydning som fyka.